



Innkalling av Kraftfondsstyret

Møtedato: 29.08.2018
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 14:00 - 15:00

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Det vert orientert om oppfølging av kraftfondsak 017/2017 i møtet.

Saksliste:

- 005/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 006/2018 Godkjenning av møtebok
- 007/2018 Søknad om tilskot frå Kraftfondet til verkstad for gåvebutikk
- 008/2018 Søknad om støtte til kompetanseheving for Sandnesbutikken as/Merkur
- 009/2018 Referatsak

27. august 2018

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		18/560

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2018	Kraftfondsstyret	PS	29.08.2018

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		18/560

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2018	Kraftfondsstyret	PS	29.08.2018

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	18/422

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2018	Kraftfondsstyret	PS	29.08.2018

Søknad om tilskot frå Kraftfondet til verkstad for gåvebutikk

32T

Journalposttittel

Søknad om tilskot til verkstadlokale for gåvebutikk v/Roy Rasmussen
resultset_3509_20_vedlegg1.pdf
resultset_3509_20_vedlegg2.pdf

Dato

05.06.2018
05.06.2018
05.06.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skriv inn framlegg til vedtak her

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om kr. 20.000 i tilskot gjennom kraftfondet til etablering keramikkverkstad.

Fakta

Viser til sakstilfang, og legg opp til at søkjar stiller i kraftfondstyret og orienterer nærare kring søknaden, jf. § 6 c i retningslinene for kraftfondet.

- c. Alle søkjarar til kraftfondet skal verta invitert til kraftfondsstyret eller Kommunestyret for å få presentert sin prosjekt/forretningsideen sin.

Vurdering

Ut i frå denne orienteringa jf. retningslinene § 6c, legg ein opp til å handsame søknaden i møte, eller med nærare utgreiing og handsaming i nytt møte i forkant av kommunestyremøte i september.

Konklusjon

Realitetshandsaming av søknad vert gjort etter nærare orientering frå søkjarar si side.



Referansenummer: B5CMFU

Registrert dato:

24.05.2018 23:25:14

Talet på vedlegg: 2

Verksemda

Type verksemd

Gavebutikk

Forretningsideen til føretaket/laget/foreininga

Salg av keramikk og kursvirksomhet

Eigarsamansetting

Namn på eigar	Adresse	Postnummer	Poststad	Del i %
Berit M.Sleire Rasmussen	Sleirsvegen 614	5986	Hosteland	100

Innleiing

Er verksemda registrert i Føretaksregisteret?

- Ja
 Nei

Opplysningar om føretak/lag/foreining

Organisasjonsnummer

994940228

Føretak/lag/foreining

Enkeltpersonsforetak

Adresse

Sleirsvegen 614

Postnummer

5986

Poststad

HOSTELAND

Telefon

41760841

Telefaks

Opplysningar om kontaktperson

Førenamn

Roy

Etternamn

Rasmussen

Adresse

Sleirsvegen 614
Postnummer 5986
Mobiltelefon 91128226
Telefon arbeid
Telefon privar 56365066
E-post
Bankkontonummer 98011778658
Er det tidlegare søkt andre offentlege instansar om tilskott til prosjektet?
<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei

Finansiering
Namn på og finansiering av prosjektet
Søknadsprosjekt Verkstedslokalet
Totalt kostnader for prosjektet 50000
Finansieringsplan
Eigenkapital 10000,
Eige arbeid 20000
Lån i bank 0
Tilskott frå næringsfond 0
Har prosjektet fått tilskott frå andre?
<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Andre finansieringskjelder ingen
Sum finansieringsplan 30000

Andre opplysningar
Før opp eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for søknaden Atelier Treskhuset er til nå finansiert ved egne midler og egeninnsats. Begynnte forsiktig sommeren 2017. Ønsker nå å få på

plass et fullverdig verksted/produksjonslokalet som og skal brukes til kursvirksomhet.

Økonomi

Regnskap, årsmelding og revisjonsmelding for siste tre år lastes opp som vedlegg på siste side i skjemaet.

Egne kommentarer til oppnådde resultat, økonomisk stilling og likviditet

Begrenset åpningstid og utvalg i 2017 pga mangel på produksjon av nye produkter. Forventer økt aktivitet og salg i 2018

Sal og marknaden til verksemda

Verksemda sine viktigaste kundegrupper

Kunst og gaveinteresserte i Hordaland

Marknadsføringstiltak

Facebook og instagram pluss plakat opphenging på strategiske plasser-

Viktigaste konkurrentar

Ingen. Vi har et flott samarbeid med andre lokale aktører her på Sleire og ønsker å videreutvikle det slik at vi alle drar nytte av hverandre.

Vedlagt dokumentliste

Regnskap 2017.pdf

Driftsbudsjett 2018.pdf

B. Rasmussen Keramikk

RESULTATREKNESKAP 2017

	2017	2016
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER		
<u>Driftsinntekter:</u>		
Keramikk	17,905.00	0.00
Diverse	0.00	0.00
Maleri	0.00	0.00
Renter	1.84	
Sum driftsinntekter	17,906.84	0.00
<u>Driftsutgifter:</u>		
Utgifter vedlikehold	5,358.50	0.00
Utgifter Strøm	1,636.86	0.00
Driftsutgifter	0.00	0.00
Bank & lzette	517.32	
Sum driftsutgifter	7,512.68	0.00
Driftsresultat	10,394.16	0.00

FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER

Finansinntekter:

Finanskostnader:

		0.00
Sum	0.00	0.00
Årsresultat	10,394.16	0.00

BALANSE PR. 31.12.2017

	31.12.2017	31.12.2016
EIENDELER		
<u>Omløpsmidlar:</u>		
Kasse	300.00	0.00
Brukskonto 9801.17.78658	14,378.66	0.00
Sum eigendelar	14,678.66	0.00

EIGENKAPITAL OG GJELD

<u>Eigenkapital:</u>		
Opptent egenkapital	10,394.16	0.00
<u>Gjeld:</u>		
Anna kortsiktig gjeld	0.00	0.00
Samla egenkapital og gjeld	10,394.16	0.00

Sleire den 04.04.2018
Roy Rasmussen

DRIFTSBUDSJETT for 2018
Atelier Treskhuset: B. Rasmussen Keramikk

	Budsjett 2018
INNTEKTER (Totalt salg)	30,000
INNTEKTER (Kusrvirksomhet)	15,000
Sum Driftsinntekter	45,000
Variable kostnader:	
Materialer	15,000
Andre kostnader	6,000
Sum Variable kostnader	21,000
DEKNINGSBIDRAG	24,000
Indirekte kostnader:	
Strøm	12,000
Renhold	1,500
Regnskap	0
Kurs	2,000
Kontorutstyr/kontorrekvisita	2,000
Telefon/elektronisk kommunikasjon	1,000
Andre driftskostnader	1,000
Reisekostnader	5,000
Markedsføring	20,000
Forsikringer	2,500
Sum indirekte kostnader	47,000
DRIFTSRESULTAT	-23,000
Renteinntekter	100
Rentekostnader	0
Netto finanskostnader	-100
RESULTAT	-22,900

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	17/742

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2018	Kraftfondsstyret	PS	29.08.2018

Søknad om støtte til kompetanseheving for Sandnesbutikken as/Merkur

32T

Journalposttittel
20180820145504

Dato
20.08.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje gjeve støtte til omsøkt søknad frå Merkur av 18.06.2018 på vegne av Sandnesbutikken.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Sandnesbutikken er valt ut til å delta på nytt merkur program for 2018. Merkur søker på vegne av butikken om støtte frå kommunen til deltaking.

Høyring/ Uttale

Skriv frå Merkur – konsulent (følgjer som saksvedlegg)

Fakta

Viser til saksvedlegg

Litt frå vedtektene og retningslinene for kraftfondet;

§ 2 Føremål

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune.

Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast.

Verksemder som mottar vesentleg overføringar frå statsbudsjettet bør ikkje prioriterast.

Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

§ 5 Vilkår for stønad

Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte”.

Retningslinene, under § 2 - Bedriftsutvikling

til dømes: etableringsstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøking og planlegging.

Vurdering

Søknaden om støtte frå Merkur/Sandnesbutikken er ikkje i samsvar med kraftfondet ´s føremål § 2, som føreset at midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar. Sandnesbutikken har fått støtte gjennom kraftfondet til andre føremål tidlegare. Merkur er nyttig for fleire av kommunen sine butikkar, og har tilført nødvendig kompetanse og viktig økonomisk støtte. Under retningslinene § 2, bedriftsutvikling vert opplæring teke inn som eit føremål.

Konklusjon

Det vert ikkje gjeve støtte til omsøkt søknad frå Merkur på vegne av Sandnesbutikken.

Masfjorden kommune
v/ordfører Karstein Totland
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

18.6.2018

Søknad om støtte til kompetanseheving for Sandnesbutikken AS

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) vil styrke det lokale servicetilbudet i Masfjorden gjennom MERKUR (utviklingsprogram for bygdebutikken), www.merkur-programmet.no

Hordaland har for 2018 fått midler fra KMD til gjennomføring av et nytt Merkur-program, og vi har gleden av å opplyse om at Sandnesbutikken AS er blant de 11 butikkene som er valgt ut til å delta. Årsaken til at denne butikken deltar i årets hovedprogram er at det er tilsatt ny daglig leder.

Merkur er et viktig virkemiddel i distriktspolitikken, og målet er å styrke det lokale servicetilbudet gjennom å tilføre nærbutikken kompetanse, tilleggstjenester og bistand i form av statlig investeringsstøtte. Programmet strekker seg over vel et år og KMD dekker kostnadene til 5 prosjektsamlinger, kundeundersøkelse, strategiplan og tett oppfølging av konsulent.

KMD har fastsatt en deltakeravgift på kr 3 800,-. I tillegg må butikken dekke reisetid, reisekostnader, vikarleie og arbeid med omstilling beregnet til ca kr 30 000,-.

På vegne av butikken søker vi med dette om at Masfjorden kommune dekker butikkens deltakeravgift og en så stor andel av øvrige kostnader som mulig. Dette vil være et viktig bidrag til å trygge arbeidsplasser på heltid og deltid i en liten og utsatt butikk.

Med vennlig hilsen


Per Spillum

MERKUR-konsulent Per Spillum
Steinsvikskrenten 25, 5237 Rådal
Tlf. 93 23 98 57, e-post: per@spillum.no

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		18/560

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2018	Kraftfondsstyret	PS	29.08.2018

Referatsak

32T

1. Signert protokoll generalforsamling GMU 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Fra: Ragnhild Undertun <ragnhild@gmu.no>
Sendt: onsdag 6. juni 2018 10:17
Til: Ulf Hustad; Hans Inge Gloppen; Gulen Postmottak; Post Masfjorden kommune
Kopi: Tangedal, Ragnvald; oddeid@online.no; hfk@hfk.no; post@sfj.no
Emne: Signert protokoll generalforsamling GMU 2017.pdf
Vedlegg: Signert protokoll generalforsamling GMU 2017.pdf

Hei og takk for sist.

Vedlagt finn de kopi av signert protokoll frå generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utvikling as.

Ha ein fin dag vidare.

Med venleg helsing
Ragnhild Undertun
Dagleg leiar



Gulen & Masfjorden Utvikling

Tlf. 901 42 025

e-post: ragnhild@gmu.no

Adresse: Sløvågen 2, 5960 Dalsøyra

PROTOKOLL FRÅ ORDINÆR GENERALFORSAMLING 2017

Den 30. mai 2017 vart det halde ordinær generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utvikling as (GMU), org nr. 992 971 118 i selskapet sine lokale i Vidsyn, Sløvågen 2 i Gulen.

Generalforsamlinga vart opna av styreleiar Hallvard Oppedal som gjorde oppteljing av møtande aksjeeigarar og fullmakter:

Aksjonær	#aksjar/andel	Representert ved
SIVA-selskapet for Industrivekst sd	5 113 aksjar (24,8%)	Ulf Hustad
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	4 625 aksjar (22,4%)	Audhild B. Schaathun
Gulen kommune	4 444 aksjar (21,6%)	Odd Harald Eide
Masfjorden kommune	4 443 aksjar (21,5%)	Ragnvald Tangedal
Hordaland Fylkeskommune	2 000 aksjar (9,7%)	Hans-Inge Gløppen

Dermed var alle aksjar, totalt 20 6525 og stemmer representert.

I tillegg møtte:

Ragnhild Undertun, dagleg leiar, Gulen og Masfjorden Utvikling as
Solveig Daae Kristiansen, styremedlem Gulen og Masfjorden Utvikling as
Karstein Totland, styremedlem Gulen og Masfjorden Utvikling

Det vart deretter gått over til å handsame dagsorden:

1. Val av møteleiar

Hallvard Oppedal vart samrøystes valt til møteleiar.

2. Godkjenning og innkalling og sakliste

Møteleiar reiste spørsmål til om det var merknader til innkalling eller dagsorden. Då det ikkje var innvendingar vart innkalling og dagsorden rekna som godkjent. Møteleiar stadfesta at generalforsamling var lovleg sett.

3. Val av representant til å underteikne møteprotokoll:

Audhild Botnen Schaathun vart vald til å underteikne protokollen saman med møteleiar. Avgjerda var samrøystes.

4. Presentasjon av selskapet si drift og stilling

Dagleg leiar gav ei orientering om selskapet sin aktivitet og resultat i 2017 og drift og stilling i 2018, og svarte deretter på spørsmål frå aksjonærane.

5. Presentasjon av styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding, medrekna disponering av resultat.

Styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding, samt revisor si melding vart sendt ut til aksjeeigarane. Årsmelding, årsrekneskap og revisor si melding vart gjennomgått i møtet. Årsmeldinga og årsrekneskapen vart samrøystes vedteken.

6. Godkjenning av honorar til selskapet sin revisor.

Honorar til selskapet sin revisor i 2017 på kr. 17 000,-, der kr. 11 000,- er honorar for ordinær revisjon, vart samrøystes vedteke.

7. Fastsetjing av godtgjersle til styret sine medlemmar.

Styregodtgjersle på same nivå som tidlegare år, kr. 20 000,- til styreleiar og kr. 15 000,- til andre styremedlemmar vart samrøystes vedteke. Styrerepresentantane frå Gulen og Masfjorden kommunar avstår frå å få styrehonorar.

8. Val av styre

Valnemnda har fylgjande innstilling til nytt styre i selskapet vart samrøystes vedteke. Det nye styret har fylgjande samansetjing:

Hallvard Oppedal	Leiar (Gulen kommune)
Karstein Totland	Nestleiar(Masfjorden kommune)
Audhild B. Schaathun	styremedlem(Sogn og Fjordane Fylkeskommune)
Solveig D. Kristiansen	styremedlem (næringslivet)
Njål Wilberg	styremedlem (næringslivet)
Steinar Østerbø	styremedlem (næringslivet)
Frode Kversøy	styremedlem (næringslivet)

9. Fastsetjing av godtgjersle til valnemnda

I tråd med styret sitt forslag vart godtgjersle til valnemnda samrøystes vedteke til kr. 2 000,-.

10. Vedtektsendring knytt til valperioden for styremedlemmane.

SIVA føreslår endring av valperioden for styremedlemmane for å sikre kontinuitet i styret. Generalforsamlinga har 100% oppmøte og godkjenner difor tilleggssak i innkallinga jmf. § 5-14 i aksjelova. Sak nr. 10 vart handsama før val av styre, sak nr. 8.

Fylgjende vedtektsendring for Gulen og Masfjorden Utvikling as vart vedteken samrøystes av generalforsamlinga;

«Styremedlemmane blir valt for to år, men slik at kun halvparten av medlemmane er på val kvart år.»

Dette gjev fylgjande funksjonstid for styret:

Hallvard Oppedal	Leiar (Gulen kommune) Valt for 1 år
Karstein Totland	Nestleiar(Masfjorden kommune) Valt for 2 år
Audhild B. Schaathun	styremedlem(Sogn og Fjordane Fylkeskommune) Valt for 2 år.
Solveig D. Kristiansen	styremedlem (næringslivet) Valt for 2 år
Njål Wilberg	styremedlem (næringslivet) Valt for 1 år
Steinar Østerbø	styremedlem (næringslivet) Valt for 1 år
Frode Kversøy	styremedlem (næringslivet) Valt for 1 år

Vedtaket var samrøystes.

Det var ingen fleire saker til handsaming, og generalforsamlinga vart avslutta.

Sløvåg, 30. mai 2018




